

Faktor 1: Oppgåvemotivasjon

Dette handlar om indre motivasjon, i denne samanhengen motivasjon for oppgåvene.

Det vil sei om oppgåvene vert opplevd som ein drivkraft og som ein form for løn i seg sjølv.

Forsking synar at for å oppnå høg oppgåvemotivasjon er det avgjerande med høg opplev sjølvstende (jobbautonomi). For å byggje og behalda indre motivasjon er høg meistringstru, eit godt meistringsklima, meistringsløing og rolleklårleik viktig.



For å sikre høgast mogleg oppgåvemotivasjon bør ein arbeide med særleg vekt på

- sjølvstende
- bruk av eigen jobbrelevant kompetanse
- nytteorientert motivasjon
- meistringorientert leiing
- meistringsklima

Døme på påstand i undersøkinga (måleindikator):

«Mine arbeidsoppgåver er i seg sjølv ein viktig drivkraft for meg»

Påstandar til refleksjon for leiar og medarbeidar:

God leiing – kva vil du forsterke?		Godt medarbeidarskap – kva vil du forsterke?	
1.	Eg brukar tid på å fortelje om kvifor dei ulike oppgåvene me har er viktig å løyse for heilheita, og kva dette betyr for organisasjonen, for brukarane, innbyggjarar og samarbeidspartnarar.	1.	Eg ser at kompetansen eg har er verdifull for å levera gode tenester.
2.	Eg brukar tid på å fortelja om kvifor våre jobbar i stor grad er kunnskapsarbeid. Sjølv om noko/mye kan standardiserast, jobbar me i team og me jobbar med menneskje,. Det er ingen grensar for kor god du kan bli til å samhandla med andre, og kor god du kan bli på fag innanfor eit ansvarsområde.	2.	Eg tenkjer at det ikkje er grensar for kor god eg kan bli i min jobb. Til dømes kor god eg kan bli til å samhandla med andre menneskje, eller kor mykje eg kan lære om mitt ansvarsområde.
3.	Eg brukar tid på å fortelje at alle har eit ansvar for utvikling. Korleis kan du som medarbeidar bidra til å løyse problem og vidareutvikle arbeidsprosessar og organisasjonen?	3.	Eg tenkjer at eg kan bruke min kreativitet i jobben min. Problem må løysast, rutinar forbetrast, og me kan stoppe opp for å lære av feil me har gjort. Ved gjentakande problem må me kanskje tenkje heilt nytt.